

## Preike Pinsedag Nidarosdomen 31.5.2020

Tekst: Joh 20,19-23

### God pinse!

Ja, verkeleg, ei god pinse! Vi trengte det no, ein livets fest, ein signa dag som vi no ser, som i dag her i Trondheim, der det kjennest ut som om kvart tre i skogen og i hagane vart levande, og kvart eit blad ei tunge som kunne synge. På plenane ved Kristiansten festning sit studentane og nyt det medbragte, kveldane er lange, morgenane er kvite og lyse, det brusar i lett urolig blod, vi vaknar til liv og trur at natta er no omme – både slik og slik. Her i kyrkja syng vi pinsesalmar som løftar oss opp.

Er det sjølve Andens vingeslag vi kjenner, i naturen og menneska rundt oss – og her i kyrkja, i Guds hus og himlens port?

Ja, kvifor ikkje? Anden er sjølve livspusten Gud har blese inn i oss, slik vi høyrte i eit av dei vakre og evige skapingsforteljingane i Bibelens første blad. Det er ord som formulerer sjølve livets under, livets gåte: Vi lever. For Gud har blese liv i oss. Vi har fått livets uendelege rikdom og mulighet.

Dette er ord som Jesu ord spelar på. Det er skaparens ord som han no gjentar som den krossfeste og oppstandnes ord. Guds Ande har overvunne dødens makt. Det er Guds Ande som no kjem oss nær, heilt inn i oss. Jesus gjer for så vidt det ein ikkje skal gjere i denne tida: Kome heilt nær, puste på andre. Det kan vere farleg, ne. På paradoksalt vis vert nettopp det motsatte gjort, utan at det er farleg, då. Det bringer ikkje sjukdom og død, men lækjedom av relasjonar og nytt liv. No har vi lært at for livets skuld, i respekt for livets sårbarhet og andres liv og helse, held vi avstand. I pandemiens tid. Vi gjer det i namnet åt livets Gud. Skaparen, frelsaren, livgjevaren.

Vi ser at det har bore frukter, men har kosta mykje. Svært mykje.

Jesus trengjer seg gjennom stengte dører, gjennom angstens bolverk. Gjennom uro og vanskelege spørsmål. Heilt inn. Med ord som kryp inn under huda, inn i hjarta, med ord som vert verande i dei: «Fred vere med dykk!» Igjen: «Fred vere med dykk!» Han kjem til dei forsagte og forskremte, dei som hadde forlatt han og endå til fornekta han. Han kjem tilbake, ikkje med hevn eller krav, men med ord som kan bryte ned dei veggane som hadde reist seg rundt dei og inni dei. Med ord som trengjer seg inn og skaper liv, slik at det på pinsedagen igjen ånder himmelsk over støvet, som Grundtvig får sagt det. Med ord som opnar framtida for dei, og for oss.

Det er dagen for Andens fylde, då Anden fylte disiplane med ny kraft og nye ord, som fekk dei til å kome ut, med ord og budskap på ulike språk. Dette har blitt forstått på ulike måtar. Ein viktig dimensjon ved dette pinseunderet er at det braut ned skiljene mellom folk, etniske grupper med ulike språk. Kyrkja skulle vere for alle folkeslag og alle slags folk. Mange har opplevd det same, og ei av vekkingane i kyrkjhistoria starta mellom menneske som opplevde det igjen, og som i Azuza street i Los Angeles på Vestkysten av USA for godt og vel hundre år sidan kunne tilbe Guds saman på ein ny måte – frå ulike sosiale lag, frå ulike etniske grupper, som svarte og kvite. Det vart kalt pinsevekkelse og dei vart kalla pinsevenner, og er etter kvart ein stor del av den samla kristenheit i verda. Eg har preikt i verdas største kyrkjelyd, ein pinsevennforsamling i Seoul, der salen som tek 12000 vert fylt 7 gonger kvar sundag og gudstenestene sendt på TV slik at dei andre medlemmene -som tel nesten ein million - kan følge med (og dette var lenge før coronaens tid – men også der heldt dei stengt i kampen mot viruset).

Det kan trengast påny ein pinsevekkelse både her og der, med ånd og liv, som kan skape fellesskap i rettferd og fred. Det var fred Jesus kom med. I dag vaknar vi til skremande biletet frå uroen over uretten i det rasedelte Amerika, der det motsette pregar livet akkurat no. «Rase»

er ein ide, ein konstruksjon. Men rasisme er ein brutal røyndom, og den sprer seg igjen med ei voldsom kraft. Mangfaldet som Gud har skapt oss med og til, er vorte skiljer, diskriminering, og konflikt. Menneske kan bokstavlegt ala og i overført tyding ikkje puste fritt. Slik Gud har skapt oss til.

Jesus kom og gjorde noko med det, med den avstanden mellom menneske som kan øydeleggje.

Det er eitt spesielt aspekt ved pinsa som har vorte aktualisert på nytt for oss i den tida vi har levd i, og det er forholdet mellom nærliek og avstand. Det er eit grunnleggjande spørsmål i alle relasjonar mellom oss menneske. Vi treng nærliek. Men vi treng også ein avstand som ikkje bind oss fast, ein avstand som kan ivareta vår integritet og sjølvrespekt, ein avstand som kan kallast fridom. Vi treng ein fridom der vi kan vere oss sjølve, ein fridom vi kan gjere noko av, som det heiter i ein salme. Men fridom kjem ikkje utan relasjonar, men nettopp med dei rette relasjonane.

Og det er jo nettopp i dette spenningsfeltet mellom nærliek og avstand, mellom det som er heilt nært og konkret og det som vi ikkje kan bevise eller vite slik som andre ting, at vår gudstru lever. Det er noko – eller nokon – som kjem inn til oss, som skaper noko i oss, som bryt isolasjonen på ein måte vi ikkje kan gjere det sjølve. Eit av dei vakraste biletene på det er nettopp den forteljinga om Jesus som kjem inn til dei som ikkje har tru eller mot til å oppsøkje han, men som likevel har ein lengt, eit minne om noko som var, og sannsynlegvis eit håp om noko som kan bli nytt - igjen.

Så kom han. Og gav dei fred.

Men så blir han borte igjen.

Det kunne ikkje vere slik det var. Det var i avstanden at nærlieken kunne realiserast på ein ny måte.

Så gav han dei Anden. Og så gav han dei eit oppdrag: Å sette menneske fri. Frå det som ikkje er slik det skal vere. Frå det som bryt våre fellesskap ned, i forhold til Gud og til kvarandre og til alt Gud har skapt. Det Bibelen kallar synd. I namnet åt han som gjev dei tilgjeving for syndene, fred og forsoning, skal dei bringe det vidare: Sanninga. Tilgjevinga. Forsoninga.

Alt kan bli nytt.

Det er Andens tid. Det er vår tid. Sjølv om det er krisetider.

--

I den pinsehelsinga eg har sendt på vegner av Bispemøtet til alle kyrkjelydane i Den norske kyrkja, siterer vi difor orda frå 2 Tim 1,7: «For Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev kraft, kjærleik og visdom.»

Og det heiter vidare i denne helsinga:

*«Guds Ande skaper liv og gir nytt mot. Den første pinsedagen skjedde det, då evangeliet kunne høyrast på ulike språk. På alle stader og til alle tider treng vi den gode bodskapen. Ikkje mindre no, når vi feirar pinse i pandemiens tid.*

*Meir himmel på jord! Dette er visjonen Kyrkjemøtet har gitt vårt felles arbeid i Den norske kyrkja. I pinsa feirar vi at himmelen, Guds rike, er mellom oss her på jord. Å feire pinse er å ta imot Den Heilage Ande som gjev oss tru, som styrkjer vårt håp, og som gir oss kjærleikens vilje. Slik kan vi i fellesskap med kvarandre vise at det er teikn av himmel på jord, på staden der vi bur, i vårt land, og i den verda vi lever i.*

*Det trengst no når noko nytt bind oss saman: ein «pandemi» [ein smittsam sjukdom som sprer seg overalt, i heile folket, mellom alle*

*slags folk, mellom alle folk og nasjonar. Nokon er vorte alvorleg sjuke, nokon har mista livet. Smitteverntiltaka omfattar oss alle. Vi lever på avstand, nokon i isolasjon, vi har hatt stengte skular, arbeidsplassar, vi kan ikkje besøke sjuke og eldre - og mykje meir.] Mange er urolege for kva som kan kome, og mange er ramma økonomisk og på andre vis. Det vil vere store utfordringar for den enkelte og for samfunnet i tida som kjem.*

*Vi lever i Noreg, i eit land der vi har [eit velutvikla helsestell, vi har mange som stiller opp og utfører dei oppgåvene samfunnet treng, vi har statleg økonomi for å bøte på nokon av skadene og styresmakter som har stor grad av tillit i folket. Det er] mykje å takke for. Vi har igjen erfart at det berre er saman og i fellesskap vi kan løyse dei største utfordringane våre. Det må vi ta med oss vidare i kampen, når vi skal byggje oppatt samfunnet etter pandemien.*

*[Vi har også sett at vi som kyrkje kan bruke kreativitet og teknikk for å fomidle det gode budskapet på mange måtar. No kan vi samlast på visse vilkår, og håpar at det vert meir i tida som kjem.]*

*Mange i verda har det ikkje slik [og opplever dette som ein stor trussel for samfunn og kyrkjer. Viruset kjenner ingen grenser, og vi er alle avhengige av samhandling mellom alle folk og nasjonar for å stanse smitten.] Vi må erkjenne at vi alle er sårbare, og at nokon er mykje meir sårbare enn andre. Dette er ei tung sanning å ta inn over seg i pandemiens tid.*

*I denne tida er det djup meinings i å feire pinse. Pinsa minner oss om at det også finst ei anna sanning som ikkje kjenner nokon grenser. Det er ei sanning for alle folk og alle slags folk: Guds kjærleik er vist oss i Jesus Kristus, og den er for alle. Evangeliet er ei motkraft, som kan gi oss tru og håp, trass i alt som kan gjere oss trøytte og motlause.*

*[I pinsa feirar vi at evangeliet er for alle folk, og vi er med i Guds store misjonsoppdrag i verda. Anden gjer at vi høyrer saman med kyrkjer i*

*alle land. Saman håpar og ber vi at Guds Ande gir oss meir himmel på jord.] Meir enn nokon gong treng vi Guds Ande som kan gi nåde og kraft til å halde ut, og til å vere til for andre i dei prøvingane vårt land og verda må gjennomgå no.*

*Fornying og forvandling kan skje, som den første pinsedag. Kjærleiken kan få rom, også i pandemiens tid.*

*Difor ber vi også denne pinsa, saman med kristne søskjen her i landet og over heile verda:*

*Kom, Heilage Ande!»*

Ære vere Faderen, og Sonen, og Den Heilage Ande, som det var i opphavet, så no, og alltid, èin sann Gud, frå æve og til æve.

Amen.